

## Saksframlegg

Saksbehandlar: Svein Hågård, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 16/5560-62

### Havilafjord AS - F1 Holding AS - tilleggsavtale

#### Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkesutvalet føreset at F1 Holding AS godkjenner tilleggsavtalen med Havilafjord AS, jf. vedlegg 2.
2. Dette vedtaket er gjort i medhald av delegerings- og innstillingsreglementet kap. 1.4.3, tredje avsnitt, jf. kommunelova § 13, nr. 1.

#### **Vedlegg:**

1. Framlegg til vedtektsendringar.
2. Utkast til tilleggsavtale.
3. Bankgaranti.

#### **Andre relevante dokument i saka:**

Brev av 04.05.17 frå Havilafjord AS, v/Wikborg Rein Advokatfirma AS, der kjøpsopsjonen vert gjort gjeldande.

## SAKSFRAMSTILLING

### **1. Bakgrunn for saka**

Fylkesrådmannen viser innleiingsvis til fylkestinget sitt vedtak om sal av aksjane i Fjord1 AS i møte 26.08.16, FT-sak 30/16:

«1. Fylkestinget i Sogn og Fjordane godkjenner at F1 Holding AS sel aksjane i Fjord1 AS til Havilafjord AS. Salet inneber eit trinnvis sal av aksjane ved at F1 Holding AS fyrst sel 26 % av aksjane no. Havilafjord AS har så ein rett (opsjon) til å kjøpe resterande 33 % mellom 1. januar 2017 og 31. mars 2019, medan F1 Holding AS har rett (opsjon) til å selje resterande 33 % til Havilafjord AS mellom 1. januar 2019 og 28. februar 2019.

Fylkestinget har ikkje merknader til tilhøyrande avtaleverk, dvs. aksjekjøpsavtalen, opsjonsavtalen, låneavtalen og aksjonæravtalen for den felles eigarskapen mellom F1 Holding AS og Havilafjord AS, jf. uprenta vedlegg.

2. Fylkestinget føreset at F1 Holding AS vedtek nemnde avtaleverk.

3. Fylkestinget viser til at Havilafjord AS har forplikta seg til å trekke søksmålet mot F1 Holding AS for Sogn tingrett. Fylkestinget konstaterer at denne saka, som følgje av dette FT-vedtaket, vil vere forlikt mellom partane.

4. Sals- og renteinntekta vert overført som ekstraordinært utbytte frå F1 Holding AS til fylkeskommunen. Den skal, med frådrag av tilhøyrande konsulentutgifter og bankgaranti, nyttast til gjeldssanering. Sett i lys av pågåande regionreformprosess, vil fylkestinget likevel – for inntekter mottekne etter 2016 – vurdere fondsavsetjing som alternativ til gjeldssanering.

5. Fylkeskommunen sin eigarrepresentant/generalforsamling i F1 Holding AS får fullmakt til å slutføre salet.»

Havilafjord AS, som no eig 67 prosent av aksjane i Fjord1 AS, har nyleg gjennomført ein sokalla «bookbuilding»-prosess, der større finansielle og industrielle aktørar i ein lukka bodrunde har fått høve til å teikne seg for inntil 49 prosent av aksjane i Fjord1 AS. Teikninga skjer innanfor eit på førehand fastsett prisintervall. Havilafjord AS ønskjer å sitje att med 51 prosent av aksjane og løyse ut F1 Holding AS som eigar i Fjord1 AS før ei planlagd børsnøtering av selskapet.

På bakgrunn av dette og i samsvar med den opsjonsavtalen F1 Holding AS og Havilafjord AS inngjekk 14.10.16, har Havilafjord AS ved brev av 04.05.17 gjort gjeldande kjøpsopsjonen på F1 Holding AS sine 33 000 aksjar, tilsvarande 33 prosent, i Fjord1 AS.

Etter opsjonsavtalen skal Havilafjord AS underrette F1 Holding AS om utøving av kjøpsopsjonen med minimum 30 kalenderdagar varsel. Oppgjeret for aksjane skal så skje 15 bankdagar etter dette. Basert på at kjøpsopsjonen vart utøvd 04.05.17, skal oppgjeret difor i utgangspunktet skje 26.06.17.

Av omsyn til den planlagde børsnøteringa har Havilafjord AS bede F1 Holding AS om nedkorta oppgjeretid for dei 33 000 opsjonsaksjane. Havilafjord AS ønskjer å inngå ein tilleggsavtale med F1 Holding AS som set oppgjersdagen til 22.05.17, dvs. meir enn éin månad før oppgjersdagen etter opsjonsavtalen. Utkastet til tilleggsavtale ligg vedlagd.

Eit element i tilleggsavtalen er kostnadene med bankgarantien. Frå fylkesrådmannen si saksutgreiing til FT-sak 30/16 siterer eg følgjande:

«Som tryggleik for salet av opsjonsaksjane og restbeløpet får vi ein sjølvskuldnarkausjon frå Havila sitt morselskap Havila Holding AS. Når opsjonsaksjane vert løyste ut, blir denne erstatta med ein bankgaranti. Vi har forplikta oss til å betale kostnadane for denne bankgarantien med inntil 15 mill. kroner, medan Havila vil dekke eit ev. overskytande beløp.»

Havilafjord AS tilbyr no, som ei viss motyting for forsert oppgjersdag, at kostnadene F1 Holding skal bere med bankgarantien vert redusert til inntil 10 mill. kroner, jf. pkt. 2 i tilleggsavtalen. I tillegg har vi fått aksept for at garantiformen skal vere ein påkravgaranti.

Eit anna element i tilleggsavtalen, jf. pkt. 3, er at F1 Holding AS sin eigarrepresentant i Fjord1 AS ikkje kan motsetje seg vedtektsendringar i selskapet som tilrettelegg for børsnøtering.

Fylkestinget er i utgangspunktet det kompetente organet i fylkeskommunen til å ta stilling til framlegget til tilleggsavtale. Sidan Havilafjord AS ønskjer at oppgjersdagen vert sett til 22.05.17, dvs. vel tre veker før neste ordinære møte i fylkestinget, ber fylkesrådmannen fylkesutvalet avgjere saka i medhald av delegerings- og innstillingsreglementet kap. 1.4.3, tredje avsnitt, jf. kommunelova § 13 nr. 1.

Styret i Fjord1 AS har kalla inn til ordinær generalforsamling i selskapet alt den 16.d.m., der styret vil leggje fram framlegg til vedtektsendringar om aksjesplitt og VPS-registrering og fri omsetnad av aksjane i selskapet, jf. vedlegg 1. Vidare er det gjort framlegg om attval av styremedlemene Vidar Grønnevik og Bente Irene Nesse. Dei vil imidlertid tre ut av styret umiddelbart etter at oppgjeret er gjennomført, jf. tilleggsavtalen pkt. 4.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

Fylkesrådmannen vurderer eit raskare oppgjer som ein fordel ikkje berre for Havilafjord AS, men også for F1 Holding AS (fylkeskommunen). Eg tilrår såleis at fylkesutvalet føreset at F1 Holding AS godkjenner tilleggsavtalen.

Det er altså planlagt oppgjer den 22.05.17, medan vedtektsendringane er planlagd vedteke ca. ei veke tidlegare (generalforsamlinga 16.05.17). Det er uheldig at vedtektsendringane kjem før og ikkje etter oppgjersdato. Det er difor teke inn eit reverseringsvilkår i tilleggsavtalen, jf. pkt. 3 andre avsnitt.

Kjøpesummen for aksjesalet går til F1 Holding AS på oppgjersdagen. Det går deretter til fylkeskommunen som utbytte, enten gjennom vedtak i ordinær generalforsamling i 2018 eller som ekstraordinært utbytte alt i 2017.

Etter at oppgjeret er gjennomført og aksjane overført, vil ikke fylkeskommunen - gjennom F1 Holding AS - ha noen rolle i Fjord1 AS, utover å være kreditor for det avtalte restbeløpet, som forfell 30.06.2020.

Fylkesrådmannen nemner også at Havilafjord AS i samband med utøvinga av kjøpsopsjonen har gitt uttrykk for følgjande når det gjeld aktiviteten i Florø:

«... Per Sævik står ved tidligere utsagn om å forsøke å bevare arbeidsplasser i Florø også etter at aksjonæravtalen er bortfalt. Viktigheten av aktiviteten til Fjord1 AS for Florø har både han og Vegard (Sævik) stor forståelse for.»

### **3. Konklusjon**

Fylkesrådmannen tilrår at fylkesutvalet legg til grunn at F1 Holding inngår tilleggsavtalen med Havilafjord AS. Tilleggsavtalen inneber m.a. at fylkeskommunen sparer inntil 5 mill. kroner i utgifter til bankgarantien og at forma på denne garantien er til gunst for fylkeskommunen.